

BARNEHAGEPRISEN 2011



NASJONALT SENTER
FOR KUNST OG KULTUR
I OPPLÆRINGEN

Hilsen fra kunnskapsministeren



Kristin Halvorsen
Kunnskapsminister

Barnehageprisen er med på å lyfte fram barnehagen som ein viktig kulturarena, der alle barn får erfare undring, glede og meistring gjennom ulike kulturelle uttrykk.

Vinnarane av Den nasjonale barnehageprisen 2011 viser at personalets kunstfaglege kompetanse og forståing er viktig, for at det blir arbeidd godt og grundig med fagområda.

Barnehageprisen bidreg til større merksemd om og synleggjering av alt det kreative arbeidet som skjer i landets mange barnehagar og prisen bidreg til å lyfte fram gode døme i arbeidet med kunst, kultur og kreativitet. Eg vonar desse døma vil inspirere barnehagetilsette i heile landet i arbeidet deira med desse fagområda.

INNHOLD

- 4 Den nasjonale barnehageprisen for kunst og kultur
- 5-6 Juryens faglige begrunnelse for de fem vinnene til den nasjonale barnehageprisen 2011
- 7 Juryen
- 8-9 Ruseløkka barnehage i Oslo: "I hagen til Mirò"
- 10-11 Akrobaten barnehage i Bergen: "Fra Siljustøl til uglestøl"
- 12-13 Bjerkhaug barnehage i Bodø: "Prosjekt fly"
- 14-15 Ringebu barnehage og Fåvang barnehage: "Vær sett med barns øyne"
- 16-17 Hovedgårdensonen barnehager, Hegedalsskogen og Vikingjordet: "Med brask og bram. Operaen skal fram"

DEN NASJONALE BARNEHAGEPRISEN FOR KUNST OG KULTUR

Den nasjonale barnehageprisen for kunst og kultur blir no gjennomført for fjerde år på rad og har til saman hatt over 200 søkjarar. Prisen har vore eit av dei mest sentrale tiltaka til Kunst og kultursenteret (KKS) og døma frå Barnehageprisen er meint å inspirere til mangfaldig, undrande og solid arbeid med kunst- og kulturfaga i barnehagen. I eit slikt arbeid er personalets pedagogiske haldning og kompetanse viktig og bidreg til å gje små barn store og kreative opplevingar i kvardagen deira.

Barnehageprisen har vist korleis motbydelege monsterskjelett, mobilsko av gjenbruksmateriale, storstilte operaframsettingar og formfulle høyballar kan begeistre både store og små og gje kunnskap for skapande verksemd. Prisen har også formidla verdien av at barnehagane samarbeider med ulike ressursar som finst i lokalmiljøet. Det vere seg kunst- og kulturinstitusjonar, gardsbruk, skular og kulturskular, universitet og høgskular, profesjonelle kunstnarar og eldre personar med kunnskap om lokale mat og historietradisjonar. På denne måten ynskjer KKS å vise barnehagen som ein tverrfaglig opplæringsarena, som skaper dynamiske og spennande barnehagar som utvidar sin kunnskap og gjev borna eit godt grunnlag for å uttrykkje seg gjennom alle sine språk.

Den nasjonale barnehageprisen for kunst og kultur tek ein pause i 2012, men kjem tilbake som tiltak frå 2013. Frå 2013 vil vi gjennomføre prisen annakvart år. På heimesidene til KKS ligg dei gode

døma frå Barnehageprisen, men også annan nyttig informasjon knytt til senteret sitt arbeid med kunst og kultur i opplæringa. Ta gjerne kontakt med oss tilsette om de lurar på noko.

Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa vil nytte høvet til å takke for alle innsende bidrag og takke våre samarbeidspartnarar som vi har arbeidd med i kjølvatnet av tiltaket med Barnehageprisen. Vi vonar på framleis godt samarbeid og ynskjer alle barnehagar, foreldre og andre aktørar i sektoren lukke til vidare med det unike og viktige arbeidet de gjer med å lyfte fram kunst- og kulturfaga i barnehagen!



Kirsti Saxi

Kirsti Saxi

Senterleder
KKS



Cathrine Jenssen

Cathrine Jenssen

Rådgiver og tiltaksansvarlig
KKS



Barnehageprisen

Prisen er eit objekt laget i akryl av skulptør Harald Bødøgaard (2008). Bødøgaard arbeider i Bodø der han også driv Galleri Bødøgaard. Han er kjend for skulpturar i stein, gjerne i kombinasjon med stål. Bødøgaard arbeider også med glas, mosaikk og akryl.

JURYEN SI FAGLEGE GRUNNGJEVING FOR DEI FEM VINNARANE TIL DEN NASJONALE BARNEHAGEPRISEN 2011

RUSELØKKA BARNEHAGE

"I HAGEN TIL MIRÒ"

Sitat frå søknaden:

"Mirò lagde ikke basseng med jordbærsaft, men det gjorde jeg!"

Grunngjeving frå juryen:

Ruseløkka barnehage kallar seg for kulturbarnehagen i Vika og viser korleis vi kan arbeide langsiktig, prosessorientert og kompetent med eit kunstfagleg prosjekt som er forankra i nærmiljøet og ressursane der. Barnehagen har sidan 2007 valt å tilsetje ein atelierist med kunstfagleg utdanning og er no inne i eit treårig prosjekt som fokuserer på satsingsområda biletkunst, musikk og fotball. I vinnarprosjektet til Den nasjonale barnehageprisen har borna vorte kjent med kunstnarskapet til Juan Mirò. Gjennom fyrst å få allsidige *kunstintrykk*, har borna seinare skapt sine egne varierte *uttrykk* i barnehagen saman med engasjerte og kunnskapsrike vaksne. Juryen framhevar den grundige og reflekterte måten barnehagen arbeider med pedagogisk dokumentasjon, dessutan at dei set bornas fantasi og interesse i fokus. Variasjon i materialbruk og teknikk kjenneteiknar også Ruseløkka barnehages solide tilnærming til kunstfagleg arbeid i barnehagen. Barnehagen har i tillegg levert ei svært god prosjektskilddring som viser tydelege haldningar til born, vaksenrolla og kunst som dialogform.

Grunngjeving frå juryen:

Nok ein gong ser vi ein barnehage tilknytt Bergen kommune si ordning med Den kulturelle bæremeisen, utmerke seg i Barnehageprisen. At ein av vinnarane i år vart Akrobaten barnehage, er ikkje tilfeldig. Barnehagen har heilt sidan oppstarten arbeidd målmedvite og fokusert på fagområda kunst, kultur og kreativitet. I dette prosjektet startar barnehagen ein nyfiken og leikande prosess med blikket retta mot ein av kulturskattane i nærmiljøet, nemleg komponisten og mennesket Harald Sæverud og heimlassen hans, Siljustøl. Med det estetiske og kreative for auge, tek dei gjennom demokratiske metodar fatt i bornas undring og idear undervegs. I nær kontakt med kunstarkitekten Andre Marandon, utforskar borna og personalet ulike formspråk og materiale, og gjer eit djupdykk i temaa arkitektur i natur og landart som kunstform. Barnehagen viser i tillegg ei leikande tilnærming til språket der musikk/lyd, dikt og historier står sentralt. Spennande bruk av gjenbruksmateriale resulterer i fantasifulle fuglekasser som blir skapte i eit skogsområde som borna kallar Uglestøl. Tilnærminga til landskapet og naturen blir gjort i same ånd som Sæverud hadde til sitt Siljustøl. God dokumentasjon, fagleg forankring og solid arbeid pregar prosjektet. Juryen er begeistra av ein barnehage som brenn for å gje små born store kunstnariske - og kulturelle opplevingar over lang tid.

AKROBATEN BARNEHAGE

"FRA SILJUSTØL TIL UGLESTØL"

Sitat frå søknaden:

"Store gule øyne. Himmelen blå. Store ugler som går på tå. De lister seg rundt for å fange mus og tar de med i sitt lille uglehus. De går på skattejakt og skatten er fire søte mus som de også skal ta med seg til sitt lille lune hus." Sivert, 4 år.

BJERKHAUG BARNEHAGE "PROSJEKT FLY"

Sitat frå søknaden:

"Det bir morsom elefant" sier jenta på 5 år, mens hun sager i en plastbøtte. "Ka ska vær kroppen?" Den voksne holder mens hun sager og hun må ta seg et par pauser underveis. "Det va slitsomt å sag". Men til slutt har hun klart det. "Kanskje det ikke virka så godt med bøtte til hode. Da må æ finn nokka anna".

Grunngjeving frå juryen:

Bjerkhaug barnehage har i ein by der fly er ein naturleg del av kvardagen, utvikla eit prosjekt som fremjer entreprenørskapen til born gjennom å gjere borna nysgjerrige, gje dei skaparglede og oppmuntre til problemløysing. Her blir det arbeidd variert og tverrfagleg med eit stort og omfattande prosjekt som involverer både nærmiljø, forelda, kunstnar og ein observatør frå Universitetet i Nordland. Juryen rosar spesielt barnehagens fokus på miljø og resirkulering ved å etablere eit eige gjenbrukssenter i kjellaren. Materiala frå dette mini-Remidasenteret gjer at barna kan utforske det ukjente gjennom å sage, bore, hamre, skru og lime. Å oppleve at dei blir anerkjende, får vere med og medstemme og at dei meistrar, gjev borna i Bjerkhaug barnehage tryggleik og sjølv-tillitt. Dette får dei ikkje utan kompetente og lyttande vaksne. Eller som personalet sjølv skriv i søknaden til Den nasjonale barnehageprisen: *”Bar-na erfarer noe annet viktig: Ikke gi opp! Det finnes alltid en løsning. Slik lærer de seg å se mulighetene istedenfor hindringene”*.

RINGEBU BARNEHAGE OG FÅVANG BARNEHAGE
”VÆR SETT MED BARNES ØYNE”**Sitat frå søknaden:**

”Skyene blir laget i verdensrommet, jeg har faktisk smakt på en sky en gang” Utsagn fra et av barna som deltok i prosjektet.

Grunngjeving frå juryen:

Juryen er imponert over måten barnehagane bruker foto som kunstnarisk uttrykksform for borna i barnehagen. Prosjektet viser at foto kan vere meir enn pedagogisk dokumentasjon, det kan også formidle borna sine estetiske uttrykk, undring og vitelyst. Ved å ta utgangspunkt i fenomenet *vêr*, viser barnehagane korleis vi på ein tverrfagleg måte kan arbeide både abstrakt og konkret innanfor eit tema. Her blir det skapt, reflektert og utforska i barnehagar som over mange år har arbeidd grundig og variert med fagområda kunst, kultur og kreativitet. At bileta borna tek til slutt blir utstilte på ei kunstutstilling saman med lokale kunstnarar, viser at barnehagane anerkjenner og synleggjer bornas uttrykk i ein offentleg samanheng. På denne måten kan barnehagen utvide nedslagsfeltet sitt og sin formidlingsarena gjennom samarbeid med

andre institusjonar i nærmiljøet. Juryen rosar også måten barnehagane får fram korleis borna deltek og tenkjer gjennom deira eigne utsegner i prosjektskildringa. Her er det mange tankevekkjande og beskrivande sitat frå borna som i seg sjølv gjev idear til nye tilnærmingar og tverrfaglege prosjekt.

HOVEDGÅRDENSONEN BARNEHAGER,
HEGGEDALSKOGEN OG VIKINGJORDET
**”MED BRASK OG BRAM.
OPERAEN SKAL FRAM.”****Sitat frå søknaden:**

”Opplevde at Jonas voks mye i løpet av prosjektet. Fra å være en gutt som sjelden hadde lyst til å si noe i samlings til å bli trygg på sangene og rollen sin: På prøvene og fremføringen gikk det superbra og tror han følte en stor mestring som ga et godt påfyll til bedre selvbilde.” En av barnas mor.

Grunngjeving frå juryen:

Hovedgårdsonen barnehager i Heggedal har faste musikkstunder med eigen musikkpedagog kvar veke og er opptekne av å ta vare på musikkglede og kreativiteten til borna gjennom song, musikk og dans allereie frå dei er 1 år. Barnehagane går i operaen, besøker musikkhøgskolen, held eigne konsertar i lokalmiljøet og får besøk av ungdomsskulen som spelar dokketeater for dei. Denne måten å arbeide med kunst og kultur på, blir også inkludert i eit operaprojekt som imponerer med mot, organisering og ei storstilt satsing på klassisk musikkuttrykk. Den klassiske opera utfordrar til aktiv lytting, og vi kan i rapporten lese at dei vaksne let borna få mykje tid og høve til å nærme seg temaet på ein leikande måte. Personalet får ros for at de set seg eit tydeleg og klart mål: - Vi vil utvide bornas musikalske horisont. På same tid evnar dei og ivareta borna sine eigne initiativ og medverknad. Eit stort kollektivt arbeid er lagt ned for å skape ei operaframsying med 50 entusiastiske førskuleborn. Borna har undervegs lært mykje om scenekunst, eigne grenser som kan flyttast, meistring, glede av å skape noko saman og dele med andre. Juryen håpar at Hovedgårdsonen barnehager sitt operaprojekt kan inspirere andre til å tenkje stort!

JURYEN**CATHRINE JENSSEN**

Cathrine Jenssen er rådgjevar med ansvarsområde barnehage og grunnskule til og med småtrinnet hos Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen. Som ansvarlig for Den nasjonale barnehageprisen for kunst og kultur, er interessa hennar å styrkje og synleggjere kunstfaga på barnehagefeltet. Jenssen er utdanna Sosialantropolog med samisk kultur, pedagogikk og kulturkunnskap i fagkretsen sin og ho har arbeidd med undervisning i inn- og utland.

ANN-HEGE LORVIK WATERHOUSE

Ann-Hege Lorvik Waterhouse er høgskulelektor i forming, kunst og handverk ved institutt for førskolelærerutdanning på høgskolen i Oslo og Akershus. Ho har faglærerutdanning og hovudfag i forming. I tillegg har ho studert historie, kunsthistorie og kunstformidling. Ho har arbeidd i mange år som førskulelærerutdannar for å styrkje barns rett til oppleving og erfaring med kunst, og for at barnehagar i samarbeid med kunst og kultursektoren skal leggje til rette for barns kunstnariske verksemd med fokus på oppleving, erfaring, medverknad, kvalitet, mangfald og eige uttrykk. Ho er oppteken av å styrkje den kunstfaglege verksemda i barnehagen, og for å gje kunstfaga større fagleg forankring i barnehagen, førskulelærer utdanninga og i samfunnet.

ERIK DUNCAN

Erik Duncan er utdanna M.Sc. i Utdanningsleiing og Offentleg administrasjon. Førskulelærer med spesialisering i kunst & handverk, dessutan grunnfag i Kunsthistorie. Aktiv skribent og Italia-entusiast, som har skrive masteroppgåve om Cittaslow og er pådrivar for human stadutvikling gjennom Allgrønn Omgivelser. Barnehagefagleg rådgjevar ved Bergen kommune, Fagavdeling barnehage og skole. Initiativtakar til og koordinator for det kunstfaglege kompetansebarnehage-nettverket tilknytt Den Kulturelle Bæremeisen.

METTE RØBERGENG

Mette Røbergeng er styrar i Kirkebakken kulturbarnehage som ligg i Rana kommune. Ho er utdanna førskulelærer med vidareutdanning i forming og naturfag. Har gjennom fleire år hatt ulike kurs og

prosjekt for vaksne og barn der ho bruker kombinasjonen musikk og drama. Med utgangspunkt i sine eigne praktiske erfaringar, dreg ho inn den enkeltes ressursar undervegs, og har motteke Rana kommunes kulturpris for sitt engasjement i det frivillige kulturlivet. Ho er oppteken av at den lokale kulturen skal vere berebjelken i barnehagens pedagogiske plattform, og at personalet saman med barna skal byggje opp kompetansen sin på dette området.

I dei tilfella ein av jurymedlemene er inhabil i handsaminga av søknadene, vil vedkomande trekkje seg ut or vurderinga av aktuell søknad.

RUSELØKKA BARNEHAGE I OSLO: "I HAGEN TIL MIRÒ"



BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Ruseløkka barnehage er inne i eit treårig prosjekt som fokuserer på biletkunst, musikk og fotball. I barnehagen jobbar det ein atelierist og saman med pedagogane utviklar dei barnehagens arbeid med kunst og kultur. Det fyrste prosjektåret i treårsbolken arbeidde dei med biletkunst. Hennie Onstad Kunstsenter (HOK) si Joan Mirò-utstilling på sommaren og hausten 2012, vart utgangspunkt for kunstprosjektet "I hagen til Mirò". Barnehagen la eit av avdelingsmøta til HOK og fekk omvisning av kunstformidlarane på senteret. Dette sette i gang interessante samtalar og refleksjonar som gav personalet eit brennande ynske om å gjere Mirò til tema for årets hovudprosjekt. Målet var at borna skulle bli kjent med ein kunstnar og, gjennom inntrykk og kunnskap om varierte teknikkar og materiale, skape sine egne uttrykk. Å utvikle evna deira til å kommunisere om kunst, lære nye omgrep og bruke dei gjennom kunstnariske aktivitetar, var eit anna hovudmål.

GJENNOMFØRING OG ORGANISERING

Etter det innleiande avdelingsmøtet på HOK, sette barnehagen av neste planleggingsdag til å filosofere rundt temaa i prosjektet og utprøving av ulike teknikkar. Tidleg i researchperioden tok persona-

let borna med på utstillinga for å finne ut kva dei såg og tenkte rundt kunsten dei opplevde. Borna hadde med blyant, oljekrit og ark slik at inntrykka undervegs kunne festast til papiret. Etter besøket vart det sett av tid til samtalar og refleksjonar rundt kva som fengde borna og prosjektet vart tilpassa ulike aldersgrupper. Gjennom heile prosjektperioden besøkte barnehagen utstillinga fleire gonger, alltid i små grupper. Personalet valde å ikkje ha omvisning for borna av kunstformidlarane frå HOK slik at borna skulle få møte kunsten på egne premissar. Prosjektet vart vidare tilrettelagt for alderstilpassa aktivitetar:

- **Born født i 2005:** "En skulptur er et bilde uten ramme"
Inspirerte av skulpturane på Mirò-utstillinga, laga dei eldste borna egne skulpturar i ulike materiale. Barnehagen brukte mykje tid på å undre seg over materiala som skulpturane er laga av, kva dei føresteller og kva vi treng for å lage egne skulpturar.
- **Born født i 2006:** "Mirò lagde ikke basseng med jordbærsaft, men det gjorde jeg!"
Denne gruppa snakka mykje om kva dei såg i bileta til Mirò, og dei undra seg over korleis han hadde fått det til å sjå akkurat sånn ut.



Borna mala sjølve og fekk dermed kjennskap til nye teknikkar og materiale.

- **Born født i 2005:** "Se! Der er Mirò!"
Etter å ha studert bileta til Mirò, brukte borna lang tid på å spekulere på kven kunstnaren var, kvar han budde og om han var død. Dei fann også ein felles kjærleik for fuglar. Dette kom fram i bornas skapande prosessar der dei utforska grafikk som medium og skapte sine egne fugleskapningar.
- **Born født i 2007:** "Mirò! Han der kjenner vi"
Med utgangspunkt i ein av Miròs skulpturar, fokuserte denne gruppa på primærfargane og forma sirkel. I atelieret utforskat dei ulike teknikkar og materiale gjennom teikning, maling og brukte papp og andre gjenbruksmateriale til å skape fantasifulle konstruksjonar med personleg preg.
- **Born født i 2008:** I denne delen av prosjektet var fokus på dei minste og bruken av sansane. Barnehagen leikte her med sirkelen som form og brukte sirkelforma verkty som malerullar, ballar, pappullar, leikebilhjul og poteter. Hender, føter og heile kroppen vart brukt som sansande verkty.




ERFARINGAR

Ruseløkka barnehage har gjennom dette prosjektet utvikla bornas evne til å kommunisere om kunst og dei har med inspirasjon frå kunstnaren Joan Mirò uttrykt seg gjennom bruk av varierte materiale og teknikkar. I tillegg dokumenterte borna sine egne- og andres skapande prosessar gjennom foto. Dei vaksne brukte denne dokumentasjonen til refleksjon over prosjektet både aleine og saman med borna. På denne måten blir borna medvitne om sine skapande prosessar, erfaringar og uttrykk. Prosjektet fekk også ei verdig avslutting i form av ei kunstutstilling som gav dei vaksne konkrete mål å arbeide mot og synleggjorde at bornas arbeid er viktig og verdsett.

Barnehagen har erfart at dokumentasjon er det viktigaste verktøyet dei har i prosjektarbeid. Pedagogane forsøker stadig å dokumentere bornas teoriar og læring. Saman med atelieristen både gjev og tek dei av kvarandre sin kompetanse. Dette opnar opp for ein kritisk og reflekterande praksis, ein praksis som stadig rører på seg og endrar seg.

AKROBATEN BARNEHAGE I BERGEN: "FRA SILJUSTØL TIL UGLESTØL"



BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Akrobaten barnehage har sidan oppstarten basert læringssynet sitt på Reggio Emilia – filosofien som blant anna vektlegg den ibuande krafta borna har til å skape og utforske gjennom å fokusere på blant anna samarbeid og ulikskap. Dette læringssynet ligg også til grunn for prosjektarbeidet som er ein av vinnarane til årets Nasjonale barnehagepris for kunst og kultur.

Akrobaten barnehage ynskte med prosjektet "Fra Siljustøl til Uglestøl", å bli betre kjent med kulturlivet som finst i nærmiljøet. Personalet ville vise borna kva kulturskattar borna har rundt seg til dagleg og vi valde komponisten og mennesket Harald Sæverud som levde og arbeidde på Siljustøl. Sæverud var i tillegg til å vere ein kjend komponist, oppteken av natur- og dyreliv, og hadde ein stor kjærleik for ugler og stein. Han var også engasjert i arkitektur og sto sjølv for utforminga av den 900 kvadratmeter store bustaden sin på Siljustøl. Med dette som bakteppe knytte Akrobaten barnehage gjennom ordninga med Den kulturelle bæremeisen til seg kunstarkitekten Andre Marandon.

I prosjektet "Fra Siljustøl til Uglestøl" arbeidde barnehagen prosessorientert og sjølv produktet fekk mindre å seie. Borna og dei vaksne påverka korleis arbeidet utvikla seg undervegs og vegen vart til

medan dei gjekk. Trass i dette hadde barnehagen klare rammer og strukturar for korleis prosjektet vart organisert.

GJENNOMFØRING OG ORGANISERING

Akrobaten barnehage har gjennom tidlegare prosjektarbeid gode erfaringar med at heile barnehagen deltek. Prosjektgruppa var dagleg leiar og pedagogiske leiarar frå kvar avdeling. Gruppa hadde faste møte og tett kontakt med kunstarkitekten undervegs i prosessen som varte barnehageåret 2010/2011.

Med eit breitt aldersspenn vart det viktig med tilpassa aktivitetar. Temaa landskap og bygging av uglehus var fokusområda for dei eldste borna. Dei yngre borna arbeidde med "landart" og utforma ein musikkstige på vegen til deira egne Uglestøl. Uglestølen er ein stille stad i skogen rundt barnehagen som borna sjølv valde gjennom ei demokratisk avgjerd. Uglehusa vart bygde for å gjere uglemerksame på oss på stølen. Barnehagen sette seg inn i behova til uglemerksame på oss på stølen. Barnehagen sette seg inn i behova til uglemerksame på oss på stølen. Barnehagen sette seg inn i behova til uglemerksame på oss på stølen. Barnehagen sette seg inn i behova til uglemerksame på oss på stølen. Barnehagen sette seg inn i behova til uglemerksame på oss på stølen.



pevis å forme husa. "Mange interessante forteljingar om uglehuset kom alt i teikneprosessen: Sint uglepappa med ei lita uglejente som hadde vunne alle pengane. Ugler som gjekk i blomster-enga. Sinnrike innretningar av trapper og sklier slik at ugleborna kunne ha det litt gøy. Eit uglehus kamuflert av fjør frå fuglar som ugla har drepe..." (observasjonar undervegs).

Sjølv gjennomføringa av prosjektet var prega av ei leikande tilnærming der fantasien fekk bløme. Når borna starta arbeidet med uglehusa kom det opp mange gode idear. Denne dialogen var spennande å fylgje for både personalet og kunstnaren – og det var viktig at bornas initiativ vart ivaretekte undervegs i den skapande prosessen.

I prosjektet var det også viktig for barnehagen å overføre Sæveruds tankar og respekt for naturen i de skapande prosessane. Uglestølen vart etter inspirasjon frå Harald Sæverud innvigd med saltvatn og berre føter. På småbarnsavdelinga lytta og dansa borna til Sæveruds komposisjonar og vegen opp til Uglestølen vart kalla for musikkstigen. Her lytta barna etter uglelydar og barnehagen utvikla eit eget symbolsystem for visualisering av lydar. Dette systemet vart brukt til å skrive ned og framføre egne komposisjonar.

ERFARINGAR

Materialvalet i dette prosjektet vart gjort med utgangspunkt i erfaringar Akrobaten barnehage tidlegare har gjort seg med kunstfagleg arbeid i barnehagen. Tanken om gjenbruk og berekraftig utvikling står sentralt og borna lærer at ting kan omformast for deretter å få ny eigenverdi. Personalet opplever at dette stimulerer bornas fantasi og kreativitet. Dette, saman med utforskning og diskusjonar rundt bruken av ulike materiale, bidreg til å involvere borna i demokratiske avgjersler. Barnehagen viser her til Rammepanen for barnehager som vektlegg at borna skal verka med og få innblikk i demokratiske prosessar. I tillegg har prosjektet ei tverrfagleg forankring til rammeplanens fagområde nærmiljø og samfunn, kunst, kultur og kreativitet, dessutan til fagområda natur, miljø og teknikk.

Barnehagen refererer dessutan forskaren Ann Bamford og omgrepet hennar rundt WOW-faktoren: Ved å overraske borna og få dei til å sjå ting på nye måtar, kan de lære betre. Barnehagen har erfart at bruk av kunstfaga kan gje borna denne WOW-faktoren. Akrobaten barnehage hevdar at kunst på mange måtar er alvor, men at bruk av kunst kan gje ei leikande tilnærming. Og personalet erfarer til dagleg den gleda borna har av leiken og kor mykje dei kan lære gjennom han.

BJERKHAUG BARNEHAGE I BODØ: "PROSJEKT FLY"



BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Bjerkhaug barnehage er ein privat 1 – avdelingsbarnehage inspirert av Reggio Emilias pedagogiske filosofi. Barnehagen har alltid arbeidd kreativt og gjenbrukstanken står sterkt. Bjerkhaug barnehage er ein av fire barnehagar i Bodø som arbeider med entreprenørskap som satsingsområde.

Fordi barnehagen ligg i flybyen Bodø og fleire av foreldra til borna er pilotar, flyvertinner og teknikarar, vart omgrepet fly eit naturleg tema som interesserte både store og små. Omgrepet opnar for store variasjonar, tolkingar og kan lett knytast opp til temaa gjenbruk og entreprenørskap. Hovudmålet med "Prosjekt fly", var å fokusere på barnet som kompetent og som medskapar av eige liv og eigen kultur. Personalet framhevar at i ein slik prosess blir rolla til den vaksne viktig: Som tilretteleggjar, inspirator og ein som undrar seg saman med barnet. Ein som let barnet prøve og feile utan å gje dei svara. Ein som let barnet sjølv finne løysingane, men på same tid kjem med spørsmål som leier fram mot moglege løysingar. Det er den vaksne som må observere, gripe fatt i interessene og i sin vere-måte gjere borna nyfikne. Denne nyfiken fører til spennande oppdagingar og nye erfaringar hos barnet. Desse refleksjonane rundt læring og skapande verksemd hos barn, ligg også til grunn for Bjerkhaug barnehage sitt arbeid med *prosjekt fly*.



GJENNOMFØRING OG ORGANISERING

Barnehagen involverte to eksterne prosjektansvarlege i prosjektet; ein førskulelærer (prosjektleiar) som arbeider for å byggje opp eit gjenbrukssenter i kommunen og ein lokal kunstnar. Desse var i barnehagen to faste dagar i veka og saman med personalet utvikla dei prosjektet som varte i fire månader.

Det heile starta med ei fellessamling der barna myldra rundt spørsmålet "kva tenkjer de når de høyrer ordet fly?" Forslaga frå borna var alt frå ballong, lønneblad, rakett, månemann, fly og mygg, og dei vart teiknet på ein stor plakatt som hang på veggen under heile prosjektperioden. Kjellaren i barnehagen vart så gjort om til eit mini-gjenbrukssenter med eit mangfald av innsamla materiale og gjenstandar. Kjellaren fungerte som ein base for bornas skapande verksemd seinare i prosessen. Barn og foreldre vart på førehand oppmuntra til å gå på skattejakt i heimen for å leite etter ting som dei kunne gje til barnehagen. Norsk Luftfartsmuseum og Bodø Videregående skole, avdeling flyfag vart også besøkt av barnehagen for å gje borna nye inntrykk og impulsar. Museet hadde på den tida ei utstilling som heitte "Drømmen om å kunne fly" og inneheldt historiske fakta og fortellingar om menneskets tilnærming til ulike måtar å fly.



I kjellaren laga barnehagen i fellesskap ein luftballong, somme laga sommarfuglar, englar diskobåt, flygebåt og mykje anna. Det vart raskt populært å kome ned i kjellaren og borna stod i kø for å konstruere, byggje, hamre, snekre og male. Nokre heiv seg over materiala og hadde tusen idear om korleis dei ville lage det. Andre var mer varsame og var gjerne innoem fem-seks gonger før dei hadde si "forløyning". Personalet peiker derfor på at det i slike prosjekt er viktig å gje borna god tid, vere tilstades, lytte og skape ein fin dialog.

I 5-årsklubben var dei lidenskapeleg opptekne av eld og romvesen, og valde i fellesskap å lage eit romskip. Ein månad brukte dei på dette prosjektet og i samarbeid med andre born frå barnehagen, klipte, limte og sydde dei saman ein rakett med hønsenetting som base. Ein rakett må sjølv sagt også ha flammor og det vart gjort research på temaet: Barnehagen tende lys, såg på flammen, kikka i bøker og på internett. Raketten fekk tilslutt påmalt fargerike flammor som førestelte kraftfulle eksplosjonar. Barnehagen markerte sitt 20-års jubileum på same tid som dei hadde ei felles utstilling av *prosjekt fly* i Fjøsøn på Nordland kultursenter.

ERFARINGAR

Bjerkhaug barnehage skriv i prosjektskilddringa til Den nasjonale barnehageprisen, at *prosjektet fly*



gjev mange gode ringverknader. Born og vaksne sit att med nye erfaringar som blant anna blir synleg når borna leiker: Dei tør å utforske og bruke materiala gjennom sjølvstendig problemløysing og kjensla av meistring blir utvikla. Stoltheita over å vise kva du har greidd, har stor verknad på barnet.

Personalet beskriv vidare at det fire månader lange prosjektet har gjeve heile barnehagen mange flotte opplevingar, samtalar og bevis på at denne forma for kreativt samarbeid med born er riktig og ikkje minst viktig. Ungane har som problemløysarar hatt fokus på moglegheiter framfor hindringar, og har opplevd å bestemme og fått anerkjenning. Dei har vorte trygge og fått tillit. Borna har prøvd og feila på eigne premissar og gått frå arbeidet med heva hovud. Personalet kjenner seg privilegert som har fått vere med på ei slik oppdagingstreise. Saman har dei også utvikla barnehagen som ein arena for entreprenørskap der oppdaging og utforsking har stått i fokus ved å undre seg og stille opne spørsmål. I tillegg har dei brukt nærmiljøet og ressursane der til å utfylle eigen kompetanse i barnehagen. Personalet trur dette bidreg til å styrkje og utvikle barnehagens arbeid med kunst, kultur og kreativitet.

RINGEBU BARNEHAGE OG FÅVANG BARNEHAGE: "VÆR SETT MED BARNES ØYNE"



BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Barnehagane i Ringeby kommune har saman med lokale kunstnarar dei siste fem åra delteke på sommarutstillingane som er på Ringeby Prestegard. Prestegarden rommar i dag galleri og museum. Her finst Ringebusamlingane som inneheld fem restaurerte bygningar der utstillingane er. Det gamle vognskjulet er utstillingsbase for barnehagane og i nabolokalet stiller Ringeby kulturskole ut arbeida sine.

På sommarutstillinga i 2010 arbeidde barnehagane med temaet *Borns opplevingar i naturen*. Utstillinga var kunstverk som borna laga med inspirasjon frå natur- og dyreliv. Utstillinga i 2009 tok utgangspunkt i kunstneren *Jakob Weidemanns* fargerike maleri, eller som borna kalla han; *Jakob Speidermann*. Her stod maling, gjenbruk og miljø i sentrum. Dette var også tema for 2008- utstillinga. I 2007 var prosjektittelen henta frå ei utsegn av eit av borna undervegs i prosessen; *"Kirka er et minne om kassen verden va før"*. Her utforska barnehagane tinga som er inne i stavkyrkja og kulturhistoria rundt kyrkja og nærmiljøet.

I barnehagane hadde dei lenge snakka mykje om

vêret, både små og store. Vêr kan vere så mangt og borna undra seg over kva vêr eigentleg er. Personalet tok tak i denne undringa og i november 2010 vart det bestemt at vêr skulle vere tema for arbeidet i barnehagane inn mot årets sommarutstilling. Kunstuttrykket var denne gangen representert gjennom fotografi som borna tok og refleksjonane deira rundt vêr som fenomen.

GJENNOMFØRING OG ORGANISERING

Digitale verkty er ein del av kvardagen til barnehagane. Både borna og dei vaksne dokumenterer det som skjer i barnehagane. Borna fotograferer det dei er opptekne av og i tillegg bruker dei kamera til å filme ting som er knytte til dei ulike prosjekta dei arbeider med. I etterkant reflekterer dei vaksne - seg i mellom eller i lag med borna, over det som har skjedd. Barnehagane jobbar ut i frå at det ikkje finst berre eitt riktig svar, men mange riktige svar.

I prosjektet "Vær sett med barns øyne – en foto-utstilling laget av barn", deltok born i alderen 3 – 6 år fra barnehagane i Ringeby kommune. Her står fotoet som kunstfagleg formingsuttrykk i sentrum og ikkje berre som ein dokumentasjon på aktivitetane i barnehagane. Det heile starta med



at eit av borna hadde denne utsegna før jul i 2010: *"Sjå, trean danser!"* Han så nysnøen på trea som vart kasta av i kraftige vindkast. Dette var starten på ei veksande interesse for vêrfenomenet vind i barnehagane. Borna har i tillegg til å fotograferer vêr og vind, grubla og undersøkt det med vind og kvifor trea dansar. Personalet beskriv at i starten var det mykje fantasi, men etter kvart opplevde dei vaksne at borna var genuint opptekne av å finne ut korleis vind blir til. Etter ulike utprøvingar og undersøkingar, konkluderte eit av borna slik: *"Sola lager vind og skyer. Sola gjør alt den."* Dermed fann barnehagen fram ei faktabok som forklarte litt meir konkret om fenomenet vind. Vidare vart det grubla på korleis dei skulle vise fram vind på sommarutstillinga. Til slutt fann eit av borna løysinga og føreslo at dei kunne *"henge silkebåndene i forskjellige farger opp i et tre, akkurat som et juletre. Ta bilde av ungan som flyg, og da flyg trean, akkurat som døm e levende. Viss vi tek mange bilder etter hverandre, er det akkurat som ei rekkefølge."* Resultatet av dette forslaget og mange andre kreative og filosofiske tilnærmingar til temaa vêr og vind, kunne vi sjå på sommarutstillinga i 2011.

ERFARINGAR

Gjennom dei ulike utstillingane, og arbeidet fram mot dei, har borna uttrykt seg på mange ulike måtar gjennom tekst, filosofering, maling, teikning, bruk av gjenbruksmateriale og fotografering. Dei har brukt fantasi, kreativ tenking og skapargleda har stått fokus. Personalet har støtta borna i deira personlege uttrykk og styrkt sjølvkjensla gjennom at dei har fått stadfesta at *eg kan, eg kan uttrykke meg, eg kan meine noko - og det eg meiner blir sett, høyrte og verdsett.*

Barnehagane i Ringeby har lenge jobba mykje med IKT, prosjektarbeid, pedagogisk dokumentasjon og born sin medverknad. Personalet har erfart at dei må vere gode, vere tilstades som vaksne med god høyrstyrke og godt engasjement. Ved å vere open og undrande når borna spør, kan vi hjelpe di til å finne fram til eigne svar og tankar. Dei ulike prosjekta viser i fylgje barnehagane også korleis vi kan jobbe breitt og godt med rammeplanens ulike fagområde i praksis.

HOVEDGÅRDENSONEN BARNEHAGER, HEGGEDALSSKOGEN OG VIKINGJORDET:

“MED BRASK OG BRAM. OPERAEN SKAL FRAM”



BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Hovedgårdensonen barnehager i Heggedal sette seg med dette prosjektet eit stort og konkret mål: Dei ynskte å utvide borna sin musikalske horisont gjennom å fordjupe seg i eit utsnitt av operalitteraturen.

Personalet i barnehagane meiner at dei fleste barn er ukjende med opera som musikkform og ynskte å gje borna eit innblikk i denne musikkjangeren. De ynskte også å gjennomføre eit felles prosjekt for avdelingane som har 5 – åringar (skuleknertar), slik at dei kunne bli betre kjent med kvarandre før skulestart. Barnehagane hadde tidlegare sett opp ulike framsyningar tilknytt lokalmiljøet i Heggedal, men denne gangen ynskte dei å lage ei framsyning i større målestokk.

GJENNOMFØRING OG ORGANISERING

Ein eigen musikkpedagog med klassisk song som hovudinstrument, er fast tilsett i barnehagane. Ho drøfta tankane sine omkring prosjektet med verksemdsleiar og dei 6 pedagogiske leia-

rane som har 5 – åringane på sine avdelingar. Ei prosjektgruppe la planar for organisering, ansvarsfordeling og innhald. Dette galdt val av opera-utdrag, arbeidsfordeling med sjølve framsyninga, praktiske oppåver med kostyme, kulisser, musikalar og anna.

Barnehagane valde ut utdrag frå dei tre operaene Askepott (moderne versjon), Hans og Grete og Dokkedoktoren. Musikkpedagogen laga dialogane til stykka og føreslo eit øvingsopplegg for barnehagane. Kvar avdeling valde det stykket dei hadde lyst til å jobbe med. Det vart to avdelingar per opera og til saman deltok 50 små born på prosjektet som enda i ei større operaframsyning.

Frå januar til mai 2011 vart det gjennomført 19 øvingar per gruppe ein gong i veka. Avdelingane brukte tid på høgtlesing og samtalar med borna. Dei fór til Den norske opera og ballett og såg Askepott, fekk omvisning og personalet såg at borna var oppslukte av framsyninga. Dei fire fyrste øvingane vart musikk og innhald tilrettelagt med lek og dramatisering. Borna prøvde ut ulike roller og



fekk sjølv velje kva for roller dei ynskte å spele. Dei kunne også påverke innhaldet i replikkane om dei syntest noko vart for vanskeleg å uttale, dessutan velje kostyme innanfor visse rammer. Borna kom i tillegg med mange gode idear til korleis kostyma kunne sjå ut. Kvar rolle vart spelt av to born saman fordi dette kjentest tryggare og meir motiverande. 25. mai braka det laus i Multisalen i Asker Kultur-hus og Marianne Oulie Wiik frå Den norske opera uttalte dette: - *Eg er imponert. Eg veit ikkje om andre barnehagar som har gjort dette.*

ERFARINGAR

Personalet erfarte undervegs i prosjektet at borna fekk meir interesse og glede med å høyre på operamusikk. Musikken fekk også meir å seie i kvardagen til borna. Blant anna observerte dei tilsette ein dag fleire born ute i barnehagen som brukte songar frå operastykket dei hadde lært.

I tillegg til hovudmålet med å utvide borna sin musikalske horisont, gav også prosjektet andre effektar for borna. Fleire utsegner frå foreldre, besteforeldre og personalets egne observasjo-

nar undervegs, viste at borna hadde fått betre sjølvhevding og sjølvbilde. Dette sitatet frå ei mor til eit av borna viser dette i praksis: - *Operaprojektet har vore ei lærerik erfaring for barnet vårt, ho blomstra i denne perioden, som ho no også har teke med seg i det fyrste skuleåret sitt. Ikkje berre at det har gjort barnet vårt sjølv-sikker, men også å sjå korleis dei har lært borna å spele på "lag" og samarbeide. Frå å høyre om prosjektet fra barnet vårt heime til å sjå alle borna på scena, der dei hadde ei fantastisk framsyning for 200 personar – kan ikkje beskrivast. Eit foreldrepar fortel: - Vi som foreldre kunne sjå at han opplevde ei stor musikk- og dansegledde, noko han har teke med seg vidare. Han har vorte veldig glad i å synge, og han har både god takt- og toneforståing.*

Hovedgårdensonen barnehager har i etterkant av dette prosjektet, fått forsterka sitt syn på at det er viktig å gje borna mange og ulike opplevingar av kunst og kultur. Dei ynskjer derfor å halde fram med dei faste musikkstundene og skal ivareta bornas musikkglede og kreativitet med song, dans og musikk.



Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen
Universitetet i Nordland • Tlf. +47 75 51 75 00
Fax +47 75 51 74 57 • post@kunstkultursenteret.no

kunstkultursenteret.no

